

# **Vedtekter for Velledalen Naturbarnehage SA**

## **i henhold til Barnehagelova §7.**

### **Innhaldsfortegning.**

Vedtekter for Velledalen Naturbarnehage SA i henhold til Barnehagelova §7.....	2
1 Eigarforhold.....	2
2 Formål.....	2
3 Opptaksmynne.....	2
4 Opptakskrets og opptakskriteriar.....	2
5 Opptaksperiode og oppseiingsfrist.....	3
6 Fastsettning av foreldrebetalinga.....	3
7 Klagetilgang ved avslag på søknad om barnhageplass ved hovedopptak.....	3
8 Andre opplysninger av betydning jmf. barnehagelova §7.....	4
9 Leike og oppholdsareal.....	4
10 Opningstid og ferie.....	4
11 Vilkår for kommunal støtte.....	5
12 HMS.....	5
13 Målfomr.....	5

## **Vedtekter for Velledalen Naturbarnehage SA i henhold til Barnehagelova §7**

### **1      *Eigarforhold***

Velledalen naturbarnehage SA er eit samvirkeforetak.

### **2      *Formål***

Barnehagen skal sikre born under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsvilkår i nær forståing og samarbeid med borna sin heim.

Barnehagen skal drivast i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande lover, forskrifter, vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagen si pedagogiske verksemd.

### **3      *Opptaksmynne***

Dagleg leiar føretok opptak av barn i barnehagen. Styret kan endre denne bestemminga.

### **4      *Opptakskrets og opptakskriterier***

Søknad om opptak skal skje ved samordna opptak i Sykkylven kommune.

Opptakskretser i prioritert rekkefølgje:

- 1) Born heimehøyrande i Velledalen
- 2) Born heimehøyrande i Tandstad krins
- 3) Born som det elles er søkt plass for i barnehagen
- 4) Born som står på venteliste for å få barnehageplass i kommunen

Barnehagen er open for born som fyller eitt år i opptaksåret. Med etterhald om rett betaling får born som er tildelt fast plass, behalde plassen til utgangen av barnehageåret det året barnet fyller 6 år.

Følgjande kriteria i prioritert rekkefølgje gjeld innanfor kvar opptakskrets:

- A) Iht. barnehagelova § 13 har born med nedsett funksjonsevne og born som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, rett til prioritet ved opptak i barnehage.
- B) Dagleg leiar kan gi tilsette fortrinnsrett ved opptak av born, dersom dette er viktig for å få tilsette i stillingar ved barnehagen.
- C) Søsknen av born som har plass i barnehagen.
- D) Barnehagen skal oppnå ei hensiktsmessig alderssamsetjing og sikre ei forsvarlig drift.

Årsmøtet kan endre denne bestemminga.

## **5      *Opptaksperiode og oppseiingsfrist***

Opptak av born skjer heile året, men i hovedsak ved samordna opptak.. Dagleg leiar kan tilby barnehageplass etter kapasitet utanom samordna opptak. Avgjer om opptak av born i barnehagen og tildeling av ledige plassar vert gjort etter skriftleg søknad iht. Barnehagelova sine bestemmingar om samordna opptaksprosess.

Oppseiingsfrist på barnehageplassen er **to** månadar pr. oppseiingsdato. Oppseiing frå barnehagen si side krev saklig grunn og skal skje skriftleg.

Oppseiing frå føresette si side motteke av barnehagen etter 1. april medfører ei plikt til å betale foreldrebetaling ut juli månad. Dersom barnehagen får inn eit nytt barn i oppseiingsperioden skal foreldrebetalingsplikta i oppseiingsfristen reduserast forholdsmessig.

Styret kan endre denne bestemminga.

## **6      *Fastsetting av foreldrebetalinga***

Foreldrebetalinga vert fastsett av styret.

Ein skal betale frå den dato barnet har fått plass. Det vert ikkje gjeve fråtrekk for vanleg fråver, heller ikkje for dei dagane barnehagen held stengt utanom sommarferien.

Det vert gjeve 30% syskjenmoderasjon for barn nummer 2, og 50% moderasjon for 3. og fleire born.

Foreldrebetalinga blir rekna etter 11 månader i året.

## **7      *Klagetilgang ved avslag på søknad om barnehageplass ved hovudopptak***

Ved hovudopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få sitt første eller andre ynskje oppfylt.

Utanom hovudopptaket kan berre søkerar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 13 klage dersom dei ikkje blir tilbyd plass. Dette gjeld born med nedsett funksjonsevne og born som det er fatta vedtak om etter nærmare bestemmingar i lov om barneverntjenester.

Skriftleg klage skal sendast kommunen, og må nemne kva avgjerd det vert klaga over og dei grunnar klaga støttar seg til. Klagefristen er **tre** veker frå det tidspunktet avgjerda som det skal klagast over er komen fram til søkeren.

Reglane for klagetilgang finnast i "Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage", (forskrift 2005-12-16 nr. 1477)

## **8      *Andre opplysningar av betydning, jfr. Barnehagelova § 7***

Iht. barnehagelova § 7 skal barnehagevedtektena gi opplysningar som er av betydning for foreldra /dei føresette sitt forhold til barnehagen. Dei tilsette og styret har etter barnehagelova §20 teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§13 til 13f.

§21 i barnehagelova gir barnehagepersonalet opplysningsplikt til sosialtenesta.

Barnehagepersonalet skal gi sosialtenesta bistand i klientsaker. Personalet skal i sitt arbeid vere merksam på forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta si side, og dei skal av eige tiltak gi sosialtenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningar berre gjevast etter samtykke med klienten, eller så langt opplysningane elles kan gjevast utan hinder av teieplikta. Opplysningane skal normalt gjevast av styrar.

§22 i barnehagelova gir personalet opplysningsplikt til barneverntenesta.

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid vere merksame på forhold som kan medføre tiltak frå barneverntenesta si side. Utan hinder av teieplikta skal barnehagepersonalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta, når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jmf. Lov om barneverntenester §4-10, §4-11 og §4-12, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jmf. same lov §4-24. Også etter pålegg frå dei organ som er ansvarlege for gjennomføringa av lov om barneverntenester, pliktar barnehagepersonalet å gi slike opplysningar. Opplysningane skal normalt gjevast av styrar.

## **9      *Leike- og oppholdsareal***

Barnehagen si norm for arealutnytting er 4 m<sup>2</sup> leike- og oppholdsareal pr. barn over 3 år, og 5,5 m<sup>2</sup> for born under 3 år. Styret kan endre dette.

## **10     *Opningstid og ferie***

Barnehagen kan vere open frå kl. 06.30 til kl. 16.45 måndag til fredag.

Maksimal opphaldstid er 51,25 timer pr veke.

Barnehagen tilbyr også delte plassar.

Barnehagen skal i hovudsak fylgje den kommunale barnehageruta.

Barnehageåret startar 1. august. Alle barn i barnehagen skal ha minst 3 veker samanhengande ferie i løpet av barnehageåret.

Styret kan endre denne bestemminga.

## ***11 Vilkår for kommunal støtte***

Dersom kommunen krev særlege vilkår for kommunal støtte skal dei til ei kvar tid kunne takast inn i vedtekten under punkt 25.

## ***12 HMS***

Barnehagen skal foreta internkontroll etter gjeldande reglar og forskrifter. Det vert her vist til programvara Styreassistenten for dokumentasjon av barnehagen sitt internkontrollsysteem.

Styret kan endre dette.

## ***13 Målform***

Nynorsk målform skal, så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagen.

